
Fra: Arne Hoeyland <arhoy@online.no>
Sendt: torsdag 29. mars 2018 21.47
Til: Eirik Bouwer Utne
Emne: Re: SV: bok om kystkulturen i Nordhordland

Hei

Dersom alle NH-kommunane vert med, kunne eg tenkt meg eit halvt årsverk til arbeidet med manus, dvs ca kr. 250 000 men dersom det berre vert nokre få kommunar som er interesserte, så vil eg drøfta prosjektet med dei og koma fram til ein økonomisk plan for bokarbeidet. Utgifter til trykking og korleis det skal vera, har eg ikkje teke stilling til , det lyt verta ei drøfting mellom dei som er med på bokprosjektet

Helsing

Arne Høyland

Den 26.03.2018 09:05, skrev Eirik Bouwer Utne:

Hei!

Har du høve til å skissere kostnader og opplegg for arbeidet?

Takk, og god påske.

Mvh

Eirik

Fra: Arne Hoeyland [<mailto:arhoy@online.no>]

Sendt: fredag 23. mars 2018 10.49

Til: Eirik Bouwer Utne; Bente Kopperdal Hervik; Alf Magnar Strand; Bente Ingunn Skjerping; Ole Johnny Domben

Emne: bok om kystkulturen i Nordhordland

Til orientering dersom de ikkje har sett denne eposten

Helsing

Arne Høyland

----- Opprinnelig melding -----

Emne:Re: bok om kystkulturen i Nordhordland

Dato:23.03.2018 08:02

Fra: Arne Hoeyland <arhoy@online.no>

Til: ingebjorg.vamrak@fedje.kommune.no, post@austrheim.kommune.no,
postmottak@radoy.kommune.no, postmottak@meland.kommune.no,
postmottak@lindas.kommune.no, post@masfjorden.kommune.no,
post@vaksdal.kommune.no, post@osteroy.kommune.no,
postmottak@modalen.kommune.no

Hei

I går fekk eg svar frå Lindås kommune om deira interesse for deltaking i bokprosjektet, det verkar ikkje som Lindås er spesielt interessert, dei viser berre til tilskotsordningar ein kan søkja på

innkomne svar kan lesast på denne bloggen

<https://museumnytt.blogspot.no/2018/03/bok-om-kystkulturen-i-nordhordland.html>

No ventar eg på svar frå desse kommunane

Meland ,Radøy, Osterøy, Masfjorden, Vaksdal

Det kan vera eit problem i kommunane at det er mange i administrasjonen som har lite kunnskap om kystkulturen i Nordhordland og difor ikkje ser at det er noko spesielt å skriva om. Eg legg difor ved lenke til nokre rapportar som vart skrevne etter Båt og sjøbruksregistreringane i Nordhordland i 1995 der utgangspunktet var ein plan for vern av kystkulturen i Nordhordland. Dette registreringsprosjektet vart igangsett av Hordaland Fylkeskommune men dei omfattande registreringane og planen om vern av kystkulturen vart aller gjort noko med av fylkeskommunen.

<https://museumnytt.blogspot.no/2018/03/bok-om-kystkulturen-i-nordhordland.html>

Helsing

Arne Høyland

Den 22.03.2018 08:23, skrev Arne Hoeyland:

Hei

Syner til epost frå meg den 25.02.2018 som gjeld bok om kystkulturen i Nordhordland. Førebels har Fedje kommune kome med eit positivt svar og eg har var i møte med Modalen kommune i går og dei tykkjer også at dette er ein god ide. Det ville difor vera fint om dei andre tilskrevne kommunane vil svara meg slik at eg veit kven som kan vera interesserte i å sjå nærare på prosjektet.

Helsing

Arne Høyland

Den 25.02.2018 23:15, skrev Arne Hoeyland:

Hei

Under Båt- og sjøbruksregistreringane i Nordhordland og Voss på 1990-talet vart det gjort mange intervju om bygningar, båtar, reiskapar, ord og uttrykk og levemåten i gamle dagar. Sidan eg har kopi av alle registreringane er det lett for meg å samla alle intervju i ei bok om det skulle vera av interesse. Då ville det vera naturleg at kommunane i Nordhordland og Voss gjekk saman om ei slik bok. Eg gjorde også ein del intervju i samband

med registrering av grindbygde hus i Nordhordland og kunne eventuelt også ta med desse intervju i boka.

Eg tek gjerne eit møte med kommunane om dette skulle vera av interesse.

Helsing
Arne Høyland